

**MEIR OM DEN NYE RÅDMANNEN I SLUTTEN AV SAKA.**

Då er det klart at Odd Ivar Øvregård frå Osterøy er innstilt som ny rådmann i Kvinnherad kommune. Øvregård er i dag rådmann i Osterøy kommune, og han har lang erfaring både frå kommunal forvaltning og privat næringsliv. Det var eit samrøystes Arbeidsutvalg i administrasjonsutvalet som innstilte Odd Ivar Øvregård til stillinga som rådmann. Det er venta at endeleg tilsetjing vert gjort i ekstraordinært kommunestyremøte 29.oktober.

Øvregård skal overta som rådmann etter Trond Sætereng som var rådmann her i kommunen i 17 år til han nyleg gjekk av ved nådd aldersgrense. Det er venta at den nye rådmannen tar til i stillinga utpå nyåret.

Les meir om den nye rådmannen i [Bygda-Nytt](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Osterøy kommune.